



Hugo Risan er ein av våre beste country.artistar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det møtta diverre fram berre eit tital betalande då Hugo Risan og Thor Einar Ribe spela country i Dønhaugkjedlaren fredag kveld.**

**Magne Huglen er forståeleg nok sterkt i tvil om han vil satsa på fleire underskuddskonsertar med kvalitetsmusikk i kjedlaren.**

**Då stillar det seg annleis med arrangement i låven. Og Huglen har for tida mange private arrangement.**

Dei få som kom og som likar frisk og fengjande country fekk ein fin kveld, for Risan og Ribe høyrer til dei beste i landet innan country.

Dei har nå spela saman i det meste av dei 20 åra Risan har vore heiltidsmusikar og er på turne året rundt. Ribe, som er frå Kristiansand, er slett ingen B-spelar i duoen. Han er ein av dei mest rutinerte keyboardistar vi har og har spela saman med mange toppartistar både frå både inn- og utland.

Hugo Risan, opprinneleg bergensar men i rundt 20 år busett i Sandefjord, har to LP-ar bak seg og i Dønhaugkjedlaren serverte han ikkje minst mange fine og fengjande låtar frå albumet han har kalla 'Hugo Risan 2'..Særleg likte vi 'Wish you were me'.

Av Ola Matti Mathisen



Risan og Ribe i aksjon i Dønhaugkjedlaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)